

Fekk refleksvestar og takka med song og dans.

14.12.2016



Førsteklassingane mottar ei viktig gåve.

I dag har banksjef Synnøve Handeland i Sparebank1 Kvinnherad og Jorunn Nordtveit frå styret i Sparebankstiftinga Kvinnherad hatt rolla som julenissar i Uskedalen. Dei har vore rundt i begge barnehagane og på skulen og delt ut viktige julegåver, frefleksvestar, til alle borna. Uskedalen.no var til stades under utdelinga på skulen.



Denne vert nok flittig brukt, for uskedelingane er flinke til å bruka refleksvest.

Då eg snakka med dei to 'julenissane' før utdelinga på skulen sa dei at det hadde vore så kjekt å besøkje barnehagane for det er slike plasser ein opplever den verkelege julestemninga no i førjulstida. Det er så ekte når borna gleder seg til jul, og så har dei pynta så fint. I Dønhaug gardsbarnehage opplevde dei ekstra julestemning, for der heldt dei på og laga leverpostei.

Alle skuleelevane med unntak av 4.klasse som hadde juleverkstad på Rødtunet, var flott oppstilte i hallen då dei ein etter ein fekk utdelt ny refleksvest hos Synnøve Handeland og Jorunn Nordtveit. Før utdelinga sa Synnøve at det var påfallande at når ho kjørte gjennom Uskedalen så la ho merke til at uskedelingane var ekstra flinke til å bruka refleksvest, både i mørke og når det ikkje var heilt mørkt. Dette galt både born og vaksne i Uskedalen, sa ho. Deretter la Jorunn til at dei akkurat derfor kanskje trong ny vest då dei vert oppbrukt etter ei stund. Og så gav ho eit godt råd som elevane skulle ta med heim til foreldra. Refleksvestane treng ikkje vaskast. Dei varer lenger utan vask!

Elevane takka med dans og song. Først framførte dei BlimE-dansen med vestane på og så song alle elevane Jul i Svingen. Kjemp flott! Dei avslutta med å sei rungande i kor: **TUSEN TAKK FOR VESTANE!**



Kjempeflinke dansarar.



Ein flink fortropp av dansarar.



Elevane song Jul i Svingen av full hals.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland